

# Vedtekter for

## Austrheim Kommunale Eigedomsselskap AS

Vedtekne i ekstraordinær generalforsamling torsdag 16. desember 2021.

§1. Selskapet sitt namn er Austrheim Kommunale Eigedomsselskap AS.

§2. Selskapet sitt forretningskontor er i Austrheim, 5943 Austrheim.

§3. Selskapet skal ha som sitt hovudføre mål å leige ut omsorgs- og kommunale utleigebustader til brukarar som Austrheim Kommune har eit spesielt ansvar for, herunder brukarar som har vanskar med å skaffe seg bustad i den private marknaden eller har særskilt behov for omsorgsbustad. Dette skal selskapet oppnå ved å eige, kjøpe og selje eigedomar til bustadføre mål, samt bygge ut, drifte og vedlikehalde eigedomar til bustadføre mål til denne brukargruppa. Selskapet kan også bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte andre eigedomar som skal nyttast til kommunale eller andre offentlege føremål. Selskapet kan også gjennomføre dette ved utleige av eigedom til Austrheim Kommune. Selskapet skal ikkje ha føremål å drive kommersiell verksemd.

§4. Administrasjonsmålet til selskapet skal vera nynorsk.

§5. Austrheim Kommunale Eigedomsselskap AS kan betala ut utbytte under gitte forhold. Overskot skal nyttast på ein måte som varetek selskapet sitt ideelle føremål.

§6. Selskapet sin aksjekapital er på kr. 1.250.000,- , delt på 1250 aksjar a kr. 1.000,- ett tusen, lydande på namn, fullt innbetalt.

§7. Selskapet vert leia av eit styre med 5 medlemmer. Styre vert valt av generalforsamlinga for ei periode på fire år tilsvarande kommunestyrevalperioden. Generalforsamlinga vel leiar til styret ved særskilt val. Kommunestyret si valnemnd skal og vere valnemnd for selskapet.

§8. Selskapet sitt firma vert teikna med styreleiar og eit styremedlem i fellesskap. Styret kan meddele prokura.

§9. Dei som til ein kvar tid utgjer formannskapet i Austrheim kommune er generalforsamling i selskapet.

Den ordinære generalforsamlinga skal haldast kvart år innan utgangen av juni og skal handsama følgjande:

- 1) Fastsetjing av resultatrekneskap, revisjonsmelding og årsmelding.
- 2) Bruk av overskot eller dekning av underskot i samsvar med fastsett balanse.
- 3) Val av styre og leiar i styre.
- 4) Fastsetjing av godtgjersle til styret og dagleg leiar.
- 5) Andre saker som i samsvar med lov høyrer inn under generalforsamlinga.

§10. Aksjar kan ikkje omsettast utan generalforsamlinga si godkjenning.

§11. Vedtektsending krev tilslutning frå minst 2/3 av den totale aksjekapitalen i selskapet.

§12. Vidare vert å vise til den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgjeving.

§13. Vedtak om oppløysing av selskapet krev tilslutning frå 4/5 av den totale aksjekapitalen i selskapet. Ved ei eventuell oppløysing av selskapet skal den del av attverande midlar som overstig den innbetalte eigenkapitalen nyttast i tråd med selskapet sine ideelle føremål.